

Frå: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Send: mandag 23. januar 2023 11:17
Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Emne: Prosessen rundt planlagt veg for heile driftsområdet - sak 21/7466 - gbnr 185/1 Isdal

Frå: Nils Kaalaas <nils.kaalaas@alver.kommune.no>
Send: torsdag 19. januar 2023 15:03
Til: Laila Bjørge <laila.bjorge@alver.kommune.no>
Emne: Isdal /Åse

På midten av 60 talet vart det planta eit areal på ca 300 dekar på Isdal felles sitt areal som låg i nedbørsfeltet til Langavatnet som då var drikkevasskjelde for Knarvik.

Det kom eit ønskje frå Isdal for nokre år sidan om å få tilkomst til denne skogen som då nærma seg å verta hogstmogen.

Då det vart gjeve løyve til avkjørsle starta prosessen med å søkja om løyve til å bygga landbruksveg og denne vart då frå kommunen sendt fylkeskommunen og dåverande fylkesmann til uttale.

Vegen var då vel å merka ikkje stukken i marka men på kartet var det teikna inn ein veg og området som ville ha nytte av veggen (driftsområdet) . Ut frå merknadane som kom inn og skogresursane som ville ha nytte av veggen gjorde kommunen eit vedtak om at veggen kunne byggast.

Då dette var gjort vart det utarbeid ein søknad om statstilskot til denne veggen og på det dåverande tidspunkt var det fylkesmann som sto for løyvingar til slike prosjekt.

No var det slik at det var litt usikkerheit om framdrifta då det på tale å kunna nytta steinmassar som vart tilgjengelege i området. Det vart då gjort ein avtale at ein i første omgang søkte om tilskot til dei første 400 metrane og så ta resten ut frå framdrifta.

Prosjektet vart vurdert til å vera eit særdeles godt prosjekt då det noko vart gjort eit anslag på ca 10.000 m3 tømmer men det truleg var nærare 15.000 m3 tømmer i området med stor tømmerverdi ut frå kostnadane med bygging av veggen.

Eg trur det må ha vore på hausten 2021 fekk eg melding om at ein frå landbruksavdelinga hjå statsforvaltar ville ha ein tur i Alver å sjå på mangelfull opprydding etter bygging av høgspenlinje og det vart då nemnd at det var kome klage på vegbygging på Isdal. Eg var då med han inn på anlegget og slik eg oppfatta det så var det ingen merknad til arbeidet som då var utført.

Når det gjeld dette som vert tillagt meg om at eg kjende til at Langevatnet var nytta som drikkevasskjelde for bustadhusa på Åse så er dette ukjend for meg.

Helsing Nils

Sendt fra [E-post](#) for Windows